

**Kreftsjukepleiar i helselaget**

06.01.2014

**Det er i Gamleskulen i morgon kveld helselaget heldt møte og ser fram til innspill som kan peike ut vegen vidare for laget av omsyn til arbeidsoppgåver. Leiar Selma Eik opplysar at eit tema i alle fall er klart og det er arbeidet for at Rosendal i likheit med Husnes skal få eit spesielt rom til bruk i den siste fase av livet.**

Det er kreftsjukepleiar Inger Helen Hjelmeland som skal orientera om dette temaet.

Selma Eik vonar at det kjem både gamle og nye medlemmer på møtet slik at laget kan få ein ny giv etter ein viss dvaletilstand i det siste.